



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren Næringshagen
Dato: 06.12.2017
Tid: 08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 32/17	Referatsaker
----------	--------------

PS 33/17	Økonomirapportering pr 01.11 - sektor for økonomi og fellestenester
----------	---

PS 34/17	Økonomirapportering pr. 01.11.17 - finansområdet
----------	--

PS 35/17	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Draumehjørnet AS
----------	--

Fyresdal 29. november 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 32/17 Referatsaker

RS 19/17 Orientering frå administrasjonen

RS 20/17 Økonomigjennomgang

**Saksframlegg****Økonomirapportering pr 01.11 - sektor for økonomi og fellestenester**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	33/17	06.12.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**Dokument i saka:**

Utskrift frå økonomisystemet pr. 31.10.17

Bakgrunn for saka:

I følgje økonomireglementet skal hovudutvalet ha ein gjennomgang på den økonomiske situasjonen kvar andre månad

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020...oppretthalde den økonomiske handlefridomen.

Avdeling	Rekneskap	Budsjett	Underforbruk	Overforbruk
	01.11.2017	01.11.2017		
Vest Telemark brosjyre	35 100	0		35 100
Viltfond	-33 225	0	33 225	
Revisjon	389 000	311 200		77 800
Adm. Næringsarbeid	669 469	942 989	273 520	
Omstillingskommune	10 392	400 000	389 608	
Prosjekt Bygg i Tre	-159 198	0	159 198	
Sysselsetting	651 973	551 420		100 553
Rekruttering	181 497	105 816		75 680
Heim= Fyresdal	49 428	0		49 428
Hamaren Aktivitetspark	142 587	0		142 587
Sportsdestinasjon Fyresdal	-66 091	0	66 091	
Kommunestyre	1 324 181	1 376 451	52 271	
Formannskap	186 805	261 625	74 820	
OKO-utval	68 820	118 315	49 495	
PM-utval	46 517	37 494		9 023
Kontrollutval	164 423	175 855	11 432	
Andre utval og nemnder	130 097	174 141	44 044	
Val	32 418	41 660	9 242	
Avd. for fellestenester	5 480 499	5 810 913	330 414	
IT-drift	1 998 562	1 683 601		314 961
Andre fellestenester	2 739 967	3 407 184	667 217	
AMUs opplæringsmidlar	72 160	291 620	219 460	
SUM	14 115 381	15 690 284	2 380 037	805 132

Vest-Telemark brosjyre
Dekkas av ansvar 1104 næringsarbeid.

Viltfond
Underforbruket skuldast fellingsavgifter, som skal avsettast til viltfond.

Revisjonen:
Overforbruk på kr 77 800,-, skuldast periodisering.

Næringsarbeid:
Underforbruk skuldast i hovudsak tilskot frå AVB bryggeerstatning 2017, sjukelønsrefusjon og lite bruk av konsulenttenester.

Omstillingsprosjektet:
Underforbruk skuldast innbetaling av tilskot frå fylket.

Prosjekt – Bygg i Tre
Underforbruk skuldast innbetaling av tilskot frå miljødirektoratet.

Syssetting:
Overforbruk skuldast løn til lærlingar. Overforbruket er redusert med kr 100 000,- sidan sist, dette vil bli ytterlegare redusert på slutten av året grunna lærlingetilskotet. Kr 5 000,- i overforbruk på lønstilskot til sommararbeid.

Rekruttering:
Overforbruk skuldast utlysingar og konsulentteneste i samband med rekruttering kommunalsjef helse og omsorg.

Prosjekt Heim=Fyresdal, + alle delprosjekt
Utgiftene kjem stort sett frå Hamaren Aktivitetspark og skal i hovudsak finansierast av eksterne midlar.

Sportstdestinasjon Fyresdal:
Tilskot frå fylket.

Alle utval:
Ok. Godtgjerslene blir ført i desember.

Val
Ok.

Avdeling for fellestenester:
Underforbruk her skuldast mindre driftsutgifter og refusjon sjukeløn.

EDB:
Overforbruk skuldast auka kostnader på diverse avtaler, mellom anna breiband levert av Telefiber og driftsavtale med Aspit.

Andre fellesutgifter:
Høgare avgifter på mange kontingentar og advokatutgifter.
Andre halvårsutbetaling til kyrkja er ikkje utført, dette er hovudårsak til underforbruk.
Her vil det truleg bli eit overforbruk på slutten av året.

Disp.pott:
Underforbruk skuldast lite bruk av potten til opplæring. Her kjem det utgifter til mellom anna fyrstehjelpskurs.

Konklusjon:

Sektoren har eit underforbruk på kr 1 574 905,- pr 01.11.17. Dette skuldast i hovudsak periodisering. Sjølv om ein del kontingentar og uforutsette utgifter har ført til avvik på nokre ansvar, vil året totalt truleg gå i balanse.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr 1. november 2017 i sektor for økonomi og fellestenester blir teke til vitande.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

**Saksframlegg****Økonomirapportering pr. 01.11.17 - finansområdet**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	34/17	06.12.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet.**Dokument i saka:**

Utskrift frå økonomisystemet pr. 01.11.

Bakgrunn for saka:

Med bakgrunn i økonomireglementet skal formannskapet minst kvar andre månad ha framlagt sak om den økonomiske stoda for finansområdet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020:oppretthalde den økonomiske handlingfridomen.

Tabellen for området ser slik ut:

Avdeling	Rekneskap 01.11.2017	Budsjett 01.11.2017	Underforbruk	Overforbruk
Næringsfond	-4 231 110	-2 883 656	1 347 454	
Skatt frå forskotspl.	-21 317 313	-20 163 440	1 153 873	
Eigedomsskatt	-8 534 329	-8 250 000	284 329	
Naturressursskatt	-5 181 596	-5 064 000	117 596	
Rammetilskot	-54 660 362	-59 409 900		4 749 538
Andre statlege tilskot	-44 719	0	44 719	
Renter	-3 115 594	-2 065 888	1 049 706	
Avdrag	2 389 917	2 694 000	304 083	
SUM	-94 695 106	-95 142 884	4 301 760	4 749 538

Næringsfond:

Underforbruk skuldast i hovudsak at det er bruka lite av næringsfondet til nå i år. Det er pr. nå att omlag ein million kroner som ikkje er løyvd av årets budsjett. Dette vil bli avsett og vil vere disponibelt for seinare år.

Skatt frå forskotspliktige:

I samsvar med budsjett.

Eigedomsskatt:

Ekstraintekt her skuldast endringar i takstane men også endringar frå tidlegare år.

Naturressursskatt:

I samsvar med budsjett.

Rammetilskot:

Overforbruk skuldast periodisering - årsprognose så langt ligg i tråd med budsjett når ein ser dette i samanheng med skatteinngangen.

Andre statlege tilskot:

Underforbruk skuldast periodisering – årsprognose i tråd med budsjett.

Renter og avdrag:

Dei store avvika her skuldast at budsjettet ikkje er periodisert i samsvar med forfallstidspunkt på dei ulike låna og utlåna. Det justera budsjettet for renter og avdrag er i tråd med rekneskapen.

Konklusjon:

Det er ingen avvik å rapportere utover det som har vore rapportera og justera for tidlegare i år. Utfordringa vil vere å få avsett til fond så mykje som er budsjettera.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 1. november 2017 på finansområdet takast til vitande.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet - Draumehjørnet AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	35/17	06.12.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet.

Dokument i saka:

- Søknad om tilskot frå næringsfondet, datert 27.11.2017.

Bakgrunn for saka:

Berit Breivik har i mange år drive Farge og Gåvebui AS, ein butikk som utvikla seg til å selgje blomar og gåveartiklar etc. Ho valte i haust å ikkje drive butikken lenger og gjorde da ei avtale med Evy Karlsen om å overta butikken.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 for næring og reiseliv der det heiter; Sikre og styrke eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for etablering av nye.

Det er viktig for Fyresdal å ha ein blomsterbutikk som og kan ha kompetanse og gje eit tilbod ved bla. gravferder. Draumehjørnet vil vidareføre Berit sitt konsept, men har gjort store endringar i butikken og har lagt om vareutvalet. Det tek tid å etablere seg på nytt og det er lagt ned mykje dugnadsinnsats frå ny eigar i å pusse opp lokal og gjere innkjøp av nytt vareutval. Ikkje minst i forhold til blomsterbinding treng ny eigar hjelp til opplæring. I ein overgangsperiode vil tidlegare eigar og tilsett hjelpe med dette. I tillegg vil dei og avlaste den nye eigaren dei dagane ho førebels skal vere i arbeid (40% stilling) ved pleie og omsorgssenteret (POS), ved ferieavvikling m.m..

Det er ikkje sjølvsagt at nokon tek over butikkar i Fyresdal eller for den saks skuld andre stader. Det er da flott at det er funne ei løysing denne gonga og at arbeidsplassar og tilbod blir verande i bygda.

Ny eigar skriv i søknaden sin at ho har bruka ein månad på å pusse opp butikken. Ho har sett opp følgjande oversikt:

Kjøp av aksjar/varelager	kr 100.000,-
Produkt og lager til oppstart	" 100.000,-
Oppussing av lokal	" 50.000,-
Eigeninnsats	" 100.000,-
Logo/skilt	" 5.000,-
Sum etableringskostnader	kr 655.000,-

Det er tatt opp eit lån i Sp. Sør på kr 150.000,-.

Ny eigar vil sjølv føre rekneskapen. Ho søker om kr 60.000,- for etablering av ny verksemd.

I tillegg til kostnadane så langt er det behov for å kjøpe eit kjøleskap for stilkblomar. Dette for å kunne tilby blomar av god kvalitet og sikre mindre svinn. Truleg ein kostnad på 20-30.000 kr.

I reglane for bruk av næringsfondet heiter det i pkt. 3 at det skal leggast vekt på tiltak som gjev auke i talet på arbeidsplassar, og på kompetanse, gjennomføringsevna og erfaringa til søkjar. Om tilskotet gjev utløysande effekt på prosjektet skal dette også leggast vekt på.

Tiltaket her gir i utgangspunktet ikkje fleire arbeidsplassar, men sikrar eksisterande og frigjer ein arbeidsplass på POS.

Dette er å rekne for ein etableringssøknad. Det er ikkje sett noko tak for kva som kan gjevast som etableringstilskot frå næringsfondet, men det har vore mykje vanleg å gje omlag 20.000 kr. I år har det ikkje vore gitt etableringstilskot tidlegare noko rådmannen meiner er ei uheldig utvikling om det held fram. Alle kommunar treng gründerar og pågangsmot. I dette høve er det nok ikkje venteleg at det blir ei verksemd med store overskot, men butikken er viktig for handelsstanden, sentrumsutviklinga og breidda av varer som dei saman kan tilby innbyggjarane og tilreisande.

Ein del av kostnadane som er ført opp, slik som innkjøp av varer er det ikkje grunnlag for å gje tilskot til. Lokala blir leigd med gunstig husleige av Fyresdal utleigebygg AS der Fyresdal kommune er hovudaksjonær.

Det synest å vere eit nøkternt investeringsbudsjett og det er lagt inn mykje eigeninnsats. Ved nyetablering har ein ofte lite med erfaringstal, men i dette høve har den nye eigaren kunne hente inn slike tal frå tidlegare eigar som sikkert er realistiske i forhold til drift. Dette er bra og er med på å gje forventningar til inntening som er mogeleg å få til med å halde fram med drifta som i dag. At butikken blir overtatt og vidareført utan stans er og bra og ein kan ha forventningar til at nye produkt etc. kan vere med på å lyfte resultatet til den nye butikken.

Fyresdal kommune ser positivt om noko av tilskotet blir bruka til kompetanseutvikling.

Konklusjon:

Utifrå stor eigeninnsats, oppussingskostnader, stor lokal nytteverdi, ivaretaking av eksisterande arbeidsplassar og frigjering av ein kommunal arbeidsplass meiner rådmannen at denne verksemda bør kunne få kr 30.000,- i tilskot frå næringsfondet.

Innstilling frå rådmannen:

Draumehjørnet ved Evy Karlsen får kr 30.000,- i etablerartilskot frå næringsfondet med løyving frå kto. 1410 470 325. Tilskotet vert utbetala etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondet som går ned frå kr 988.000,- til kr 958.000.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann